

OSLO9

8. til 13. september



OSLOP

18 polsarrangement på 6 dagar i fleire salar og hus i Oslo

Måndag 8. september

19.00 - 21:00

Trall til dans med Blåne

Bygdelagshuset

Bygdelagskoret Blåne inviterer til open øving i Nordahl Bruns gate 22 måndag 8. september kl 19.00.

Det blir kurs med Isa Holmgren i trall med fokus på polsdans frå Finnskogen, trall til dans og stemmesong. Vi kjem til å høyre nokre gamle arkivopptak og diskutere stilar og uttrykk.

Dirigenten i Blåne, **Isa Holmgren**, har bakgrunn frå folkemusikken og dansen i vestre Värmland. Ho arbeider som musikar og dansar og har fordjupa seg i trall og dansemusikk frå grenseområdet mellom Noreg og Sverige.

Blåne er eit blandakor som syng folketonar i kor. Koret har sidan tidleg på 90-talet lagt stor vekt på norske folketonar. Det kjem fram både i val av repertoar og i stemmebruken og sangteknikken i framføringa. Blåne er eit av dei få kora i landet som utforskar og formidlar folkemusikk på ein mest mogleg autentisk måte, både når det gjeld tonesetting og klang. Blåne held fleire eigne konsertar og tek og på seg små og store oppdrag.



OSLOP

Tysdag 9. september

18.00 - 20.00

Open øving med Frøy Samfunnet i Ås

Kvar tysdag har leikarringen Frøy øving på Samfunnet på Ås. Denne tysdagen kan du få prøve deg på rørospols som førebuing til dans i Oslo i helga.

Frøy er ein god og stadig vaksande gjeng, med hjarte som bankar for folkemusikk og folkedans, eller berre for sosialt samvere. Terskelen er så låg at du må passe seg så du ikke dett ned i han. Kven som helst kan vere med når som helst!



Foto: Thor Hauknes

Tysdag 9. september

19.30 - 21.30

Pols frå heile Noreg Nynorskens Hus, Oslo

Leikarringen i BUL Oslo inviterer til open danseøving i Teatersalen/Nynorskens Hus, 9. september frå 19.30 til 21.30. Denne kvelden får du prøve eit utval av tretakstdansar frå ulike tradisjonar og det er **Anbjørg Myhra Bergwitz** og **Audun Gruner Hegge** som leiår dansen.

Leikarringen i BUL Oslo er ei dansegruppe som dansar det meste av norsk folkedans: runddans, turddansar, bygdedans, songdans og 1900-talsdansar som swing og tango.

Onsdag 10. september

19.30 - 20.45

Springar frå Sunnmøre med Symra Bygdelagshuset

I Nordahl Bruns gate 22 blir det kurs i springar frå Sunnmøre med folkedanslaget Symra.

Erling Flem lærer bort dansen og det er **Solvor Sundsbø** og **Terje Amundsen** m.fl som spelar.

Kurset er gratis og Symra er alltid opne for å få med fleire danseglade i folkedanslaget sitt!



Foto: Mari Skeie Ljones

Torsdag 11. september

17.30 - 19.00

Dans med Barnelaget Bygdelagshuset

Barnelaget i Oslo inviterer til open øving i Nordahl Bruns gate 22. Barnelaget har øvingar på torsdagar frå klokka 17.30 til 19.00, og denne ettermiddagen er alle frå 3 til 13 år velkomne til å prøve folkedans for fyrste gong saman med barna i Barnelaget.

Dei som er mellom 8 og 12 år, kan i tillegg få vere med på den store dansefesten for barn og ungdom på Riksscenen laurdag 13. september.



Foto: Thor Hauknes

Torsdag 11. september

18.00 - 20.00

Polsdans frå Finnskogen

Riksscenen, Intimscena

OsloP på Riksscenen startar med gratis foredrag om dansetradisjonane frå Finnskogen og arbeidet med å vekke dei til live att. Polsdansen på Finnskogen var den gjevaste pardansen heilt til han vart utkonkurrert av masurka og foxtrot. Heldigvis vart dansen filma i 1960-åra, og det er desse filmene som er grunnlaget for den dansen som er i bruk i dag.

Etter foredraget held vi kortkurs i Polsdans frå Finnskogen.

Veslemøy Nordset og **Bjørn Sverre Hol Haugen** har dansa i lag i mange år, både på scene og festgolv. Trippel siger på Landskappleiken og kongepokal var toppen på merittlista. På kurset freistar vi å formidle våre tolkingar av dansen, med den særprega rytmen i fokus.



Torsdag 11. september

19.15 - 20.30

Kurs i rørospols med Hordaringen

Bygdelagshuset

Hordaringen i Oslo inviterer til kurs i rørospols i Nordahl Bruns gate 22. Etter kurset, som passar for alle, blir det kaffipause med enkel servering og så blir det variert folkedans med instruksjon. Instruktørar er **Alix Cordray** og **Bjørn Ove Opheim**. Gratis inngang for alle!

OSLO

Torsdag 11. september

20.30 - 00.00

Anders Lillebo og Mats Berglund

Riksscenen, Klubbscena

I samarbeid med Folk på torsdag inviterer Riksscenen til konsert med danseplass.

Mats Berglund og **Anders Lillebo** spelar folkemusikk frå grensetraktene mellom Østerdalen, Finnskogen, Dalarna og Värmland. Duoen er kjend for tydeleg dansetakt og eit tett musikalsk samspel.

Mats Berglund er ein sentral utøvar i folkemusikkmiljøet i Värmland. Han er ein erfaren felespelar som òg meistrar einrader, sekkepipe og song. Berglund har i ei årrekke undervist og halde konsertar både i Sverige og internasjonalt, og vert rekna som ein viktig tradisjonsberar frå sitt område.

Anders Lillebo er musikar med utdanning i jazzpiano og brei erfaring frå ulike sjangrar. Han har mellom anna arbeidd med irske folkemusikarar i lengre periodar, og har delteke på fleire innspelingar innan keltisk musikk. For tida er han aktuell med soloalbumet Munnspill, som tek utgangspunkt i folkemusikk frå dei norsk-svenske grensetraktene.



Fredag 12. september

18.00 - 19.30

Kræsjkurs i rørospols med Frøy
Riksscenen, Hovudscena



I samband med Kulturnatt inviterer **Leikarringen Frøy** til kræsjkurs i rørospols. Frøy jobbar for å spre norsk folkedans til studentar i Ås, og tek med seg den gode stemninga og dansegleda dei har på øvingane sine til Oslo. Bli med for å lære rørospols og dans gjerne meir på Kaffistuggu II seinare på kvelden. Musikarar frå Flatlusa Spelemannslag spelar!



18.00 - 20.00

Heimebrentens historie med Torggrim Eggen og Jon Bertelsen
Riksscenen, Klubbscena

Foredrag med prøvesmaking (Obs: 20 års aldersgrense).

Heimebrent kan kallast «det norske gentlemenbrotsverket». Den er symbolet på isolasjon og sjølvberging, på ein streng og grisk alkoholpolitikk og på ein særeigen norsk trass mot autoritetar. **Torggrim Eggen og Jon Bertelsen**, som har studert fenomenet både kulturhistorisk, regionalt og biokjemisk, kjem til OsloP for å fortelje om polsdansarens tradisjonseliksir.

Kan ein skilje mellom dårleg heimebrent og litt mindre dårleg heimebrent? For dei som ynskjer byr vi på ein eigen billett med fem smaksprøver under foredraget. På Det Norske Brenneri har **Jon Bertelsen** freista å attskape feila som folk har gjort gjennom tida, og sjølsagt viser Jon oss korleis det verkeleg skal gjerast òg. Vi får smake korleis standarden på norsk potetsprit er i dag, og korleis den reine spriten kan nyttast til prisvinnande gin og akevitt.

Begrensa antal plassar!



Fredag 12. september

20.00 - 21.30

Dansekonsert med Måssåpolslaget

Riksscenen, Klubbscena

Måssåpolslaget er et relativt nystarta spelemannslag i rørostradisjonen. Under leiing av **Tron-Steffen Westeberg**, trykker laget ut beinharde polsar frå Rørostraktom med ein groove som bør manifesterast gjennom taktfast fotarbeid hjå alle som høyrer på.

Det er ikkje tilfeldig forbipasserande med feleskrin frå Røros stasjon, det er spellmenn frå den høgste hylla Bergstaden har å rutte med, så få på deg dansesko og kast deg med i dansen, pols vert ikkje betre enn dette!

Begrensa antal plassar!



Fredag 12. september

Foto: Rørosmuseet

21.30 - 01.30

Kaffistuggu II

Riksscenen, Klubbscena

Etter Måssåpolslaget vert det jam i Klubbscenen til godt utpå natta. Det vert durkdrevne musikarar frå, eller med tilknytning til Røros, som leiar jammen, så her er det berre for folket og ta med seg instrument de trakterer og slenge seg med. Utover pols vert det også runddans og låtar frå andre nærliggjande tradisjonar som står på repertoaret. Målet er sjølv sagt å koma så nærme ein kan stemninga i Kaffistuggu på Røros under martnan.

Det vert sjølv sagt høve til å danse til musikken, sitje og lytte til den eller ta med vener på sosialt samvære med levande musikk til. Kaffekoppene er halvfulle, slik tradisjonen er i Bergstaden, baren er åpen lenge og jammen går - det er med andre ord duka for Kaffistuggu i byen.

Obs: Etter kl 23 er det 20 års aldersgrense.

OSLOP



Laurdag 13. september

14.00 - 15.30

Polsverkstad

Riksscenen, Hovudscena

Alt du ikkje visste at du trong å spørje om om pols

Anten du har dansa pols lenge eller berre ei lita stund, har du truleg kjent på spørsmål du aldri har fått stilt! Då er dette danseverkstaden perfekt for deg!

- Kvifor kjennest polsdansen fantastisk ut med ein partner, men hakkete eller kronglut med ein annan?
- Korleis kan eg best breske meg i polsdansen?
- Kvifor dansar ein to ulike rundsnurrar i rørospolsen?
- Korleis unngå å bli overkøyrd når ein dansar med ein stoor partner?
- Dansepartnaren er full, eg orkar ikkje meir – kva gjer ein (og korleis kjem ein seg ut av situasjonen)?

Velkomen til dansegolvet – vi dansar fram svara på dei spørsmåla som dukkar opp!

Kveldens orakel er Vegar Vårdal, og ho som set i gang undringa er Helen Engelstad Kvalem.

Laurdag 13. september

15.00 - 20.00

Dansefest for barn og ungdom

Riksscenen, Klubbscena

Vi kan ikkje ha polsfestival utan at vi inviterer ungdommen til dans, spel og pizza i kjellaren på Riksscenen. Det er gratis inngang for alle under 26, og dei beste danseorkestra frå Oslo og Viken spelar opp til dans.



Foto: Knut Utler

Kvelden startar med et kræsjkurs i gammaldans for dei mellom 8 og 12 år og i samarbeid med Skogfinneforeningen arrangerer vi eit kræsjkurs i polsdans frå Finnskogen i løpet av dansefesten.

Ungdommen får gratis inngang resten av kvelden.

Slåttestjernene, FolloFeler, Bølingen Allstars, Spelsauene fra Svartskog, UFO (Unge folkemusikere i Oslo), Nordberg Strykeorkester, Bergrosa juniorspelemannslag, Bærum Juniorspelemannslag.



Laurdag 13. september

16.00 - 17.40

Pols på 100 minutt

Riksscenen, Intimscena

John Ole Morken kjem til OsloP for å fortelje polshistoria på 100 minutt. Med fela i handa og karskkoppen på bordet fortel han hardbarka historier om sine gamle heltar ispedd polsperler frå arkivet.

18.00 - 19.30

Kultivatorpodden Live

Riksscenen, Kjellarbaren

Danse pols, spele pols og prate om pols!
Kultivatorpodden inviterer til direktesending med gjester og publikum.
Saman skal vi prøve å finne svaret på eit av livets store gåter: Kva er det som gjer polsen så populær?
Og er det denne magiske dansen som dreg folket tilbake til dansegolvet?

Mette Vårdal og **Vegar Vårdal** driv Kultivatorpodden og er klare for å avdekkje polsens historie, sanne vesen og suggererande kraft.



Foto: Ingvil Skeie Ljones



Laurdag 13. september

18.00 - 19.30

Kræsjkurs i rørospols

Riksscenen, Hovudscena

Vi inviterer til kræsjkurs i Rørospols før hausten store dansefest.

Kurset er med dansarane **Rolf J. Feragen** og **Helen Engelstad Kvalem**.
Spelemann er **John Ole Morken**.

Alle er hjarteleg velkomne uansett nivå!

20.00 - 02.00

Haustens store dansefest med Sven Nyhus Kvartett og Glåmos Spelemannslag

Riksscenen, Hovudscena



Polsdans i Ålen 1924



Sven Nyhus Kvartett

Legendariske Sven Nyhus kvartett vart starta i 1969, og har i godt over 50 år vore eit av de mest toneangjevande og sentrale orkestra innan folkemusikk og gamaldans. Gruppa har medverka på ein ukjend mengde radio- og fjernsynsprogram, dei har spelt på dei fleste større festivaler og folkemusikkarrangementer både i inn- og utland, og ikkje minst har dei spelt til dans for danseglade folk over hele landet. To spellemannpriser har dei motteke, samt fleire nominasjonar.

I 2024 gjenoppstod kvartetten att, denne gongen med Sven si dotter, **Åshild Breie Nyhus**, som felespelar. Kvartetten spelar framleis det same, kjende repertoaret, med fele og hardingfele som bærande element, og fører soleis arven etter Sven vidare.

Åshild Breie Nyhus - fele og hardingfele
Tore Løvgreen - trekkspill
Tor Bekkelund - gitar
Tom Willy Rustad - kontrabass



Glåmos Spelemannslag

Sist dei var på Riksscenen var for å feire 90-årsdagen til Sven Nyhus og også denne kvelden blir i Sven si ånd. Med fele og harpeleik har Glåmos Spelemannslag sett fart på dansegolvvet i 75 år. I jubileumsåret har dei vore svært aktive og dei kjem til Riksscenen med sitt evigunge polsrepertoar.

Buss for Tog

Buss for Tog stiller som vanleg når det er duka for dansefest på Riksscenen. Det er dei gamle kuratorane for dansefestane som gøymer seg bak reservenavnet, og i beste VY-stil, skal dei freiste å pense seg inn på gamaldanssporet utan for mange signalfeil, avsporingar og forseinkingar.

Inge Gjevre - torader
Andreas Ljones - fele
Asgaut Bakken - gitar

Isa Holmgren

Isa Holmgren er folkesongar, kjend for sine dansekonsertar der ho trallar til dans slik at publikum bare må bli med. Med bakgrunn i folkedansmiljøet baserer hennar solostoff seg på dei asymmetriske rytmane og melodiane ein finn i grenseområda mellom Sverige og Noreg.



Foto: Arne Sigurd Haugen



Foto: Knut Utler



Polsfestivalen OsloP
er eit samarbeid mellom **Riksscenen** og
Bygdelagssamskipnaden med
medlemslaga **Blåne, Leikaringen i BUL Oslo,**
Frøy, Symra, Barnelaget, Hordaringen
og **BLS Ung.**

RIKSSCENEN



Foto: Rørosmuseet



OSLOP